



## Vikevåg skule

Sørbøvn 6,

4150 Rennesøy

Tlf.: 51 72 06 00

Faks: 51 72 06 01

E-post: [kirsten.elin.bergsvik@rennesoy.kommune.no](mailto:kirsten.elin.bergsvik@rennesoy.kommune.no)

## ORDENSREGLAR FOR VIKEVÅG SKULE

1. For at alle skal ha det triveleg på skulen er det viktig at me er snille, høflege og hjelpsame mot kvarandre. Dei som ser at nokon blir plaga, må med ein gong seia ifrå om dette til ein vaksen.
2. Når me er inne skal det vera stille. Alle har rett til arbeidsro.
3. Alle på skulen skal kjenna seg trygge på at andre ikkje rører ranselen, bøkene, eller andre ting som dei eig.
4. Skulen ventar av deg at du viser ansvar og omtanke for alt som er skulen sin eigedom.
5. I friminuttet er me på skulen sitt område. Ingen har lov til å øydeleggja for andre når dei leikar. Alle må følgja spelereglane. Leiken må heller ikkje bli for hardhendt. Slåssing er ikkje tillatt.
6. Krenkjande åtferd slik som mobbing, diskriminering, vald, rasisme og stygt/uakseptabelt språk er ikkje lov (Jfr. § 9a)
7. Det er ikkje lov til å kasta kongler, stein og liknande. Snøball kan me berre kasta innanfor eit bestemt område.
8. Det er ikkje lov til å sykla med eigne sykklar på skuleplassen. Det er heller ikkje lov til å bruka rullebrett, rullesko eller rulleskøyter.
9. Når det ringjer inn til time, går me raskt og stiller opp.
10. Det er ikkje lov å nyta snop og tyggjegummi på skulen.
11. Tobakk og rusmiddel er forbode.
12. Det er ikkje lov til å ha mobiltelefon på skulen.
13. Rektor med lærarar avgjer:
  - korleis skulegarden skal nyttast
  - kvar sykklar (bilar) skal parkerast
  - om elevane skal vera inne i friminutta
  - om nokon har lov å forlata skuleområdet i skuletida

#### 14. På bussen:

- me stiller opp og går fint opp til busstoppeplassen og inn i bussen
- i bussen sit me i ro
- me ropar, bråkar og herjar ikkje, men er høflege og greie
- i bussen er det sjåføren som bestemmer
- rektor kan visa bort frå bussen barn som ikkje oppfører seg fint

Bryt du nokre av desse trivselsreglane, skjer følgjande:

1. Åtvaring
2. Tilsnakk
3. Sitja inne i friminuttet
4. Ringja heim

#### **Særlege reglar:**

1. Skulen(v/rektor) kan i særlege tilfelle visa bort ein elev frå skulen. (Dersom ein elev over lengre tid har synt dårleg åtferd, og stadig og med vilje brote trivselsreglane, kan bortvisning vera aktuelt.) Også ved svært alvorlege enkelthendingar kan reaksjonen vera bortvisning.

Før eventuelt vedtak om bortvisning, skal rektor rådføra seg med /informera eleven og foreldra/dei føresette til eleven, som skal vera kjende med forholdet.

Bortvisning kan vera frå enkelttimar til heil dag. (Oppl.1 §2-10)

2. Når det i heilt spesielle akutte situasjonar er fare for at ein elev kan skada seg sjølv eller andre, vil det vera nødvendig å stansa eleven, eventuelt skilja eleven frå resten av gruppa og plassera eleven i eit eige rom for ein kortare periode. Eleven skal då ha tilsyn av to vaksne. Når eit slikt tiltak blir sett i verk, skal ein straks melda ifrå til rektor, skulelegen og foreldra. Rektor må føra opplysningar om slike tiltak og om årsaka til dei i elevmappa.

VIKEVÅG SKULE  
**Godt å vera,  
mykje å læra**